

Siggi sviktar ikkje Rabben!

Han kjem att i 2015!

I dag kan vi bringa eit svært positivt dementi: Rykta som har spreidd seg dei siste dagane om at den humørfylte bayrar Siggi (Siegfried) Klemm i slutten av denne veka drar heim frå Rabben og ikkje kjem att neste år er ikkje rette.

- Eg har aldri vore borte frå Uskedalen og difor kjem eg heller ikkje att. seier den godmodige tyskar som lovar å vera her att med ein turistkontingent i mai 2015.

Siggi kan i år feira 30-årsjubileum som turist-transportør til bygda vår. Ein kan med rette undrast på kva Rabben hadde vore utan han.



Gode vener - Steinar og Sigg

Sigg er no 62 og bur i Ebermannstadt 5 mil frå Nürnberg. Familien hans har lenge hatt reisebyrå med bussdrift og turar til heile Europa med opptil 10 bussar. Heime i Bayern møtte han butikkdama Ina Werner frå Kaldestad ved Husnes og det gjekk som det ofte gjer. I 1971 vart dei gift. I 1973 var han på våre trakter med turistar for fyrste gong, nærare bestemt på Enes der han hadde gode kontaktar frå før. Eneselva var ikkje minst eit fristande turistmål. Men i 1984 satsa han på Rabben for fyrste gongen og så voks trafikken år for år.

I dei seinare åra har det dabba noko av, mellom anna fordi dei reiseglade tyskarane nyttar sine egne bilar. Sigg meiner at Uskedalen som ein av dei beste turistmåla i dette området og peikar ikkje minst på det allsidige tilbodet frå fjord til fjell.

Når han aldri har svikta Rabben er grunnen ikkje minst tett og godt samband med vertane Steinar og Magne og Sigg er imponert over kva den siste har utretta for å rusta opp turistsenteret i den seinare tid.

Han presenterar ein velutstyrt minibuss med plass til 8 og tilhengjar for fisken og strekar nok ein gong under at han kjem att neste år.
- I mai er eg her att, lovar han.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen.



Tyskarar nyt grilla laks på Rabben